

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUGDato: 23.02.2018  
Vår ref.: 2018/920-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

Att. Larissa Dahl

## **Varsel om kulturhistorisk synfaring - utviding av parkeringsplass for turgåarar, gangveg og plass for kano/kajakk Gnr. 45 bnr. 59, Rylandsvassdraget - Meland kommune**

Vi viser til brev datert 25.01.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor det aktuelle arealet, men området har typografiske trekk som gjer at det er potensial for steinalder. Det er difor naudsynt med ein synfaring før vi gjer endeleg fråsegn i saka. Ved synfaring vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei arkeologisk registrering, jf. kulturminnelova § 9. Synfaringa vil verte gjort så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservatorSigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*